






Nr	JP/ending nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
1	318	Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsettingar (møte 07.04.25)	
		Rådet støttar kommunedirektøren sitt forslag.	Konklusjon: Tas til orientering.
2	323/ 353	Reiårsvatn velforening	
18		<p>Ønskjer om å endre formålsgrensa mot Reiårsvatn slik at den følgjer tomtegrensene og tar omsyn til grøntområde langs vatnet.</p> 	<p>Formålsgrensa vart vurdert etter 1. gongs høyring. Etter fagleg innspel frå administrasjonen vart formålsområde behalde i tråd med gjeldande arealdel. Vi ser at formålsgrensa i planforslaget delvis går gjennom eigedomar og bygningar, men den har likevel fungert greitt i saksbehandlinga.</p> <p>Gjeldande reguleringsplan har eit arealplankart av dårleg kvalitet og føresegner med manglar, og burde helst bli oppdatert i samarbeid med eigar av areala rundt fritidseigedomane. Alternativt bør planen bli oppheva i eigen prosess.</p> <p>Det er nettopp gjennomført eigarskifte på eigedom 15/2 (mai 2025). Reiårsfossen velforening har undervegs hatt dialog med både førre og ny eigar. Begge er positive til den føreslegne endringa av formålsgrensa. Den føreslegne endringa følger i stor grad formålsgrensa i planforslaget, men tar betre omsyn til tomtegrenser og det tar framleis i vare grøntbeltet mot vassdraget. Dette betrar planforslaget, og blir derfor innarbeidd i plankartet utanom dei tre hyttene som ligg heilt nærast vatnet. Desse ligg utanom formålsområdet i gjeldande arealdel også.</p> <p>Ny eigar har i tillegg ytra ønskje om BYA =10%, men maks 150m². I planforslaget er det ei generell grense på maks BYA=150m² i eksisterande fritidsbustadområde. Ein ny reguleringsplanprosess vil legge til rette for ei ny vurdering av utnyttingsgrad.</p> <p>Konklusjon: Formålsgrense mot vassdrag for planID 199601 er justert i plankartet.</p> 

Nr	JP/endring nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
3	326	Agder fylkeskommune	
59		<p>Pkt. 3.4 i føresegna opnar for bygningar i LNF-områda. Etter plan- og bygningslova er det ikkje moglegheit for det dersom det ikkje er nødvendige bygningar for landbruk. Det er mogleg å legge føresegna inn som retningsline i staden for.</p>	<p>Føresegna slik ho er nå, vil vere i strid med arealføremålet (LNF), og vil krevje dispensasjon. Underpunktta som gjeld tiltak som ikkje er i tråd med LNF-formålet kan endrast til retningsliner. Retningslinene vil den vere førande for vidare saksbehandling, som er i tråd med hensikta.</p> <p>Gjeldande underpunkt c, så kan tiltak innan friluftsliv og idrett vere mykje. Det kan vere fornuftig å tydeleggjere at det gjeld mindre tiltak.</p> <p>Konklusjon: Pkt. 3.4 blir endra slik at moglegheit for tiltak i LNF (som ikkje er nødvendig for landbruket) blir lagt inn som retningsliner (sjå raud skrift). Pkt. 3.4 c. er endra for å tydeleggjere at det gjeld mindre tilretteleggingstiltak (sjå raud skrift).</p>
84		<p>Fagleg råd om at breidda på byggegrensa langs Otravassdraget må bli vurdert etter ei konkret vurdering ut frå vassdraget sin karakter og dei interessene som skal tas i vare. Ber kommunen sikre dette før planen blir vedtatt.</p>	<p>Dette krev ein gjennomgang av byggegrensa langs heile strandsona med omsyn til interesser, og det er ei tidkrevjande oppgåve. Det er viktig å ta omsyn til både friområde, natur og miljø, men med dagens avgrensa press på områda, så kan dette bli handtert gjennom god dialog i den enkelte saka. Gjennom erfaring med ny byggegrens, kan vi vurdere om det er behov for ei konkret vurdering ved neste revidering av KPA.</p> <p>Konklusjon: Planforslaget er uendra.</p>
38		<p>Fagleg råd om justering av fleire føresegner for å ta i vare tema kulturmiljø betre:</p> <p>Pkt. 2.7.3 supplerast med: «Eksisterande formasjonar i landskapet, eldre steinmurar og kulturhistorisk verneverdig vegetasjon skal dokumenterast og bevarast i størst mogleg grad».</p> <p>Pkt. 2.9.1 supplerast med: «Tiltaksområdet ligg innanfor eller grensar til bevaringsverdige bygg, anlegg, konstruksjonar og kulturlandskap».</p> <p>Pkt. 3.1.1.1 supplerast med eige punkt: «Føresegna gjeld ikkje for SEFRAK-registrerte bygg og anlegg og bevaringsverdige bygg- og kulturmiljø. Omsynet til kulturminnevern må avklarast med regional mynde for kulturminnevern».</p> <p>Pkt. 3.1.6 f supplerast med: «.....samt omsynet til kulturmiljø bli vektlagt»</p>	<p>Pkt. 2.7.3 Landskap og natur. Fleire av underpunktta tar i vare omsyn til kulturmiljø, og spesielt underpunkt i) dekker i stor grad tematikken.</p> <p>Pkt. 2.9.1 Risiko og sårbarheit. Riksantikvaren tilrår at ROS-analyser inngår i grunnlaget for skjøtsels- og forvaltningsplanar for kulturmiljø og i grunnlaget for beredskapsplanar. Vi skal dokumentere det som er pålagt, men vi ønskjer å vurdere behovet der vi kan.</p> <p>Pkt. 3.1.1.1 Eksisterande bustadområde. Suppleringa er tatt med for å ta omsyn til bevaringsverdige bygg og kulturmiljø.</p> <p>Pkt. 3.1.6 Næringsområde. Vurdering av kulturmiljø ved plassering av solcelleanlegg og vindmølle er viktig. Suppleringa er lagt til jf. fagleg råd.</p> <p>Pkt. 4.3.3 ..fint ikkje i føresegnene. Vi har etterspurt spesifisering, men det har ikkje kome.</p> <p>Pkt. 4.3.2 Bandlegging etter kulturminnelova H730. Endringa er gjort jf. fagleg råd.</p> <p>Konklusjon: Pkt. 3.1.1.1, 3.1.6 f og 4.3.2 a er endra (sjå raud skrift).</p>

Nr	JP/endring nr	Innspele	Kommunedirektøren sin vurdering
		<p>Pkt. 4.3.3 supplerast med: «Alle tiltak etter plan- og bygningslova skal avklarast med regional mynde for kulturminnevern»</p> <p>Pkt. 4.3.2 a endrast til: «Innanfor desse områda skal det ikkje bli etablert tiltak eller bli utøvd aktivitetar som kan skade eller redusere verdien av eksisterande kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.»</p>	
4	328/355	Harris Advokatfirma AS (bistår Reiårsfossen velforening)	
83		<p>Vidareføre gjeldande reguleringsplan for Reiårsfossen camping, planID 201107. Supplere med føresegner om plassering av topp mur for å sikre trygg byggegrunn. Subsidiært er det grunnlag for unntak frå plankrav for enkelte tiltak der plassering av grunnmur er dokumentert og i medhald av flaumkartlegginga.</p>	<p>SAMLA VURDERING AV INNSPELE TIL ENDRING 83: Det er behov for ei heilskapleg planlegging av området basert på kjent kunnskap, brei involvering, sikre likebehandling og omsyn til dei stadlege kvalitetane. Ved å hindre nye tiltak i området, sikrar ein at utbygging ikkje skjer i den perioden planprosessen pågår. Med dagens plansituasjon er det utfordrande saksbehandling prega av dispensasjonar og klager. Ein planprosess vil gi føreseielege rammer og ta omsyn til lokale og regionale forventningar. Vi har forståing for at eigarar av tomter som ligg over flaumgrensa, ønskjer tilgang til å bygge, men området bør sjåast på i heilskap til det beste for alle.</p> <p>For å underbygge intensjonen, så er det poengtert i føresegna at det prosess med oppheving av plan vil bli starta.</p> <p>Formålsgrrensa i planforslaget går ut i vassdraget. Syner her til innspel nr 19 frå Statsforvaltaren i Agder som mellom anna peikar på at særleg omsyn må tas for areal i vassdraget. Formålsgrrensa blir derfor avgrensa til areal på land.</p> <p>Konklusjon: Formålsgrrensa for KBA04 er justert til å berre gjelde landareal i plankartet.</p>  <p>Pkt. 3.1.9 h) i føresegna i ei tilleggssetning om oppheving av gjeldande plan (sjå raud tekst).</p>
41 44		<p>Kommentar om at flaumkartlegginga er gjort på feil grunnlag sidan den føreset at slusene er stengt. Kommunen har overfor NVE tatt på seg ansvaret med å halde slusene opne i ein flaumsituasjon. Syner til vedtak av at eit tredje</p>	<p>SAMLA VURDERING AV INNSPELE TIL ENDRING 41/44: Administrasjonen har vore i kontakt med Norconsult AS. Flaumsoner rapporten er basert på ei konservativ tilnærming. Den tar høgde for at det kan kome flaum i sommarsesongen, og at slusene ikkje let seg opne. Flaumrapporten er vedtatt,</p>

Nr	JP/endring nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
		flaumløp eller opning av Deknekanalen skal bli kartlagt. Kommunen kan sette rekkefølgekrav til gjennomføring av flaumsikring før vidare utbygging av område.	og planarbeidet må basere seg på denne. Ein ny vurdering av flaumfare basert på open sluse må eventuelt bli forankra politisk og i samråd med Otteraaens brugseierforening og moglegvis NVE. 'Deknekanalen' vart tatt ut av planforslaget før 2. gongs høyring grunna omsyn til drikkevasskjelda i Urdeviki. Flaumsituasjonen har vore sentral i planarbeidet, men prosessen har synt at problemstillinga er kompleks og rører ved heile Otravassdraget og mange rørte partar. Flaumrapporten er basert på ei konservativ tilnærming. Konklusjon: Planforslaget er uendra.
5	329	Elin Falkum (eigedom 15/191, 15/192)	
	83	Ber om at tomtene framleis skal ha formål fritidsbustad ved detaljregulering. Heving av byggehøgde kan løysast gjennom byggesøknader og ikkje gjennom byggeforbod. Ber kommunen legge avgjerande vekt på tidlegare bruk og eksisterande eigarinteresser.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
6	330	Kristoffer Aanonsen (eigedom 15/94)	
	83	Støtter uttale frå Harris Advokatfirma AS. Meir hensiktsmessig å tilføre ny informasjon/ny føresegn til eksisterande plan i staden for å oppheve den.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
7	331	Liv og Vidar Pedersen (eigedom 15/140)	
	83	Spørsmål om kva konsekvens endringane i byggehøgder og endring i reguleringsplan vil ha for opparbeidde tomter, og at det vil/kan føre til dårleg omdømme for kommunen.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
8	332	Solveig Nordkvist (eigedom 15/95, 15/96, 15/97, 15/98)	
	83	Støtter uttale frå Harris Advokatfirma AS. Poengterer at tomtene som ligg over flaumhøgda ikkje bør inngå i forbod mot tiltak.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
9	333	Vidar Tjelland (eigedom 15/100, 15/145 ++)	
	83	Støtter uttale frå Harris Advokatfirma AS. Tomtene er opparbeidd med infrastruktur, spørsmål om dette blir kompensert. Ønskjer å bygge etter høgden som er fastsett.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
10	334	Statens vegvesen	
		Ingen vesentlege merknader.	Tas til orientering.
11	335	Bjørn Askland (eigedom 15/93)	

Nr	JP/endring nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
	83	Eigedomen ligg over flaumhøgda. Ber om at gjeldande reguleringsplan blir vidareført for eigedomen.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
12	336	Arild Granly (eigedom 15/101, 15/151)	
	83	Eigedom 15/101 ligg over flaumhøgda. Ber om at gjeldande reguleringsplan blir vidareført for eigedomen med ev justering av byggehøgde. Eigedom 15/151 ligg under flaumhøgda. Ventar på ei avklaring på om byggehøgdene er rett fastsett og/eller om det kjem eit ekstra løp ved Storestraumen. Støtter uttale frå Harris Advokatfirma AS.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4. Sjå samla vurdering av endring 41/44 i innspel nr 4.
13	339	AS Verven v. Olav Sagemo (eigedom 15/102)	
	83	Eigedomen ligg over flaumhøgda. Støtter uttale frå Harris Advokatfirma AS, og ber om at kommunen vurderer unntak for dei eigedomane som ligg over flaumhøgda.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
14	340	Knut O. Dalen	
	83	Eigar av fleire eigedomar i området. Støtter uttalar frå Harris Advokatfirma AS og Fossekompaniet AS.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
15	341	Advokatfirma Skjefrås AS (eigedom 21/1, 24/1, 30/2,6,13,15)	
	-	Ønskjer vidareføring av område for fritidsbustad på eigedom 21/1 ved Hovatn. Fjerning av utbyggingsområde for hyttefelt kan ikkje bli vedtatt fjerna utan at det har vore informasjon og dialog med rørte grunneigarar. Denne dialogen må synleggjere ein klart større fordel ved å ta det bort enn å la det vere som det er i dag.	Plandokumenta har vore tilgjengelege digitalt og det har blitt informert i media om høyringsperiodar. Gjennom likebehandling, så vart alle områda avsett til fritidsbustad i heieområda der det ikkje har kome planinitiativ, tatt ut av planen. Ved 2. gongs høyring var det berre anledning til å kome med innspel til endringar etter 1. gongs høyring. Dette området er ikkje ein del av høyringa. Konklusjon: Planforslaget er uendra.
			
	14	Sikringszone for drikkevatt på eigedom 21/1 og 30/2 kan ikkje bli vedtatt utan at det har vore informasjon og dialog med rørte	Drikkevassforsyning er kritisk infrastruktur. Plandokumenta har vore tilgjengelege digitalt, og det har blitt informert i media om høyringsperiodar. Kommunen arbeider med nytt

Nr	JP/ending nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
		grunneigarar, der grunneigarar gis anledning til å kommentere inngrepet konkret.	inntak for drikkevatt med mål om å fjerne sikringssona i Åraksbø. Konklusjon: Planforslaget er uendra.
55		Eigedom 30/13 og 30/19 blir vidareført som framtidig hytteområde med krav om reguleringsplan før vidare utbygging, alternativt bli tilbakeført til LNF-område for å ta i vare landbruksinteressene i området. 	Det er gjennomgåande i planarbeidet at eksisterande hytteeigedomar i område som tidlegare har vore avsett til fritidsbustadområde, er gitt arealformål fritidsbustad. Det gir rom for tiltak avgrensa av utnyttingsgrad og maks høgde. Konklusjon: Planforslaget er uendra.
16	342	Knut William Bygland (eigedom 15/168)	
83		Eigedomen ligg under flaumhøgda. Ønskjer å kunne nytte tomta til husvogn som kan flyttast, og stiller spørsmål ved om det framleis er mogleg eller om ein må søkje dispensasjon visst kommunen sitt forslag blir vedteke. Meiner at flyttbare husvogner kan vere eit alternativ i område C4 som ligg under flaumhøgda. Støtter uttale frå Harris Advokatfirma AS.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4.
17	343	Fossekompaniet AS (eigedom 15/30)	
41 44		Ber kommunen gå gjennom flaumrapporten saman med Norconsult AS for å avklare om føresetnaden om at slusene er stengt, er korrekt jf. avtale med Otteraaens brugseierforening. Ber om å få oversendt driftstillatinga som NVE gav kommunen i 1992 jf. Vassdragslova.	Administrasjonen har vore i kontakt med Norconsult AS. Flaumsoner rapporten er basert på ei konservativ tilnærming. Den tar høgde for at det kan kome flaum i sommarsesongen, og at slusene ikkje let seg opne. Flaumrapporten er vedtatt, og planarbeidet må basere seg på denne. Ein ny vurdering av flaumfare basert på open sluse må eventuelt bli forankra politisk og i samråd med Otteraaens brugseierforening og moglegvis NVE. Flaumsituasjonen har vore sentral i planarbeidet, men prosessen har ikkje gitt svar på alle spørsmåla og ønska vurderingar. Administrasjonen har ikkje funne avtaler eller driftstillatingar ut over det som er kjent. Otteraaens brugseierforening og NVE er førespurt om dei har meir dokumentasjon i sine arkiv. Konklusjon:

Nr	JP/endring nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
			Planforslaget er uendra.
83		Støtter uttale frå Harris Advokatfirma AS. Ber om at gjeldande reguleringsplan blir vidareført, men med nye føresegner for byggehøgde i kommuneplanen sin arealdel.	Sjå samla vurdering av endring 83 i innspel nr 4 .
18	345	NVE	
76		Fagleg råd om at kommunen kan vurdere å presisere at det kan bli gitt unntak frå plankrav i omsynssoner H310 og H320 for tiltak i sikkerheitskategori S1 og F1, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3, samt eit utval av bokstavane a-n i pbl. § 20-1 (tiltak som omfattast av byggesaksdelen). Krav til sikkerheit for F1- og S1-tiltak må likevel dokumenterast innfor omsynssoner for naturfare.	Innspelet gir rom for unntak frå plankrav for tiltak i sikkerheitskategori S1 og F1 og forenkler saksbehandlninga for desse tiltaka. Dette er tiltak som har lite skadepotensiale eller der faren på ein enkel måte kan bli avklart. Innspelet blir innarbeidd i pkt. 2.2 i føresegna. Konklusjon: Pkt. 2.2 er endra (sjå raud skrift).
41		Fagleg råd om presisering av føresegna. Det bør gå tydeleg fram at krav om utgreiing av flaumfare gjeld i område som ikkje er kartlagt for flaum, og basert på aktsemdkartet (punkt a), og at omsynssona som det visast til i bokstav c gjeld kart 4 og H320_akt.	Innspelet gjer føresegna tydelegare, og blir innarbeidd i pkt. 4.1.3 i føresegna. Konklusjon: Pkt. 4.1.3 er endra (sjå raud skrift).
42		Fagleg råd om presisering av føresegna. Det bør gå tydeleg fram at krav om utgreiing av skredfare gjeld i område som ikkje er skredfarekartlagt (punkt b og c), og at omsynssona som det visast til i bokstav d gjeld kart 2 og 3. For områderegulering for Ose bygdesenter er det ikkje krav om utgreiing av skredfare, og det kan byggast i samsvar med faresonene i plankartet.	Innspelet gjer føresegna tydelegare, og blir innarbeidd i pkt. 4.1.2 i føresegna. Konklusjon: Pkt. 4.1.2 er endra (sjå raud skrift).
19	348	Statsforvaltaren i Agder	
84		Fagleg råd om byggegrense lik 30m til andre/mindre vassdrag/bekkar i tråd med føresegner ved 1. gongs høyring. Sekundært at byggegrensa til bekkar blir sett til minimum 20m på kvar side. Det er uklart kva som er bekk og kva som reknast for elv, ber om at det blir klargjort.	Skilnad mellom bekk og elv kan vere vanskeleg å definere. Ein skilnad kan vere at bekkar kan tørke ut i periodar, men det kan fort bli eit tvilsspørsmål. Det vil forenkle føresegna å ha same byggegrense i tråd med det faglege rådet om byggegrense lik 30m til vatn og mindre vassdrag. Konklusjon: Dei to siste kulepunkta i pkt. 2.6.1 a blir slått saman til 'For vatn og mindre vassdrag er byggegrense 30m' (sjå raud skrift).
84		Fagleg råd om å sette minimum breidde på kantvegetasjon til 15m langs Otravassdraget.	I NVE sin rettleiar 2/2019: Kantvegetasjon langs vassdrag, pkt. 4.2.2 blir det vist til eksempel med vegetasjonssone på minst 10m langs vassdrag. Vi har valt å følgje denne. Konklusjon: Planforslaget er uendra.

Nr	JP/endring nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
84		Fagleg råd om å ta ut pkt. 2.6.1 b. i føresegna fordi punktet kan føre til at det blir gitt opning for tiltak som kan vere uheldig for kantsona og vassdragsinteressene.	<p>Det er tydelege avgrensingar i kva for tiltak det blir opna opp for i pkt. 2.6.1 b. Vi meiner at tursti langs vassdrag er ei positiv tilrettelegging for naturopplevingar tett på vassdraget. Tiltak som har samheng med vassdraget må gjerne stå nærmare enn 30m.</p> <p>Konklusjon: Planforslaget er uendra.</p>
18		Byggegrensa for Reiårsvatn hyttefelt kjem enkelte stader svært nær/uti vassdraget. Gir fagleg råd om å la dei generelle byggegrensene langs vassdrag i pkt. 2.6.1 vere gjeldande.	<p>Reiårsvatn hyttefelt ligg i område med verna vassdrag. Det gir ei byggegrense på 100m mot vassdrag. Det vil slå negativt ut for mange av dei etablerte hyttene i området.</p> <p>Syner til innspel nr 2 frå Reiårsvatn velforening. Formålsgrensa mot vatn er justert for å ta betre omsyn til eksisterande bygg og eigedomar, og den tar framleis i vare grøntbeltet mot vassdraget. Dette betrar planforslaget, og blir derfor innarbeidd i plankartet utanom dei tre hyttene som ligg heilt nærast vatnet. Desse ligg utanom formålsområdet i gjeldande arealdel også.</p> <p>Konklusjon: Formålsgrense mot vassdrag er justert i plankartet.</p>
59		Statsforvaltaren syner til at pkt. 3.4 i føresegna som opnar opp for bygningar og tiltak i LNF-områda jf. plan- og bygningslova, og føreset at desse punkta blir tatt ut av føresegna.	<p>Føresegna slik ho er nå, vil vere i strid med arealføremålet (LNF), og vil krevje dispensasjon. Underpunkta som gjeld tiltak som ikkje er i tråd med LNF-formålet kan endrast til retningslinjer. Retningslinjene vil den vere førande for vidare saksbehandling, som er i tråd med hensikta.</p> <p>Gjeldande underpunkt c, så kan tiltak innan friluftsliv og idrett vere mykje. Det kan vere fornuftig å tydeleggjere at det gjeld mindre tiltak.</p> <p>Konklusjon: Pkt. 3.4 er endra slik at moglegheit for tiltak i LNF (som ikkje er nødvendig for landbruket) blir lagt inn som retningslinjer (sjå raud skrift). Pkt. 3.4 c. er endra for å tydeleggjere at det gjeld mindre tilretteleggingstiltak (sjå raud skrift).</p>
62		Tidlegare fjerna fritidsbustadområde Trodverk er tatt inn igjen i planforslaget. Planarbeidet for området burde ha blitt vurdert opp mot statlege planretningslinjer som seier at fortettingspotensiale i fritidsbustadområde skal bli kartlagt og utnytta før utviding av eksisterande område eller utbygging av nye område. Statsforvaltaren forventar at kommunen følgjer opp dette i framtidige liknande saker.	<p>I planomtalen er det trekt fram at gjeldande reguleringsplanar har ein reserve på ca. 460 fritidsbustadtomter på heia og ca. 150 i dalbotnen, og at denne reserven bør dekke kommunen sitt behov på lang sikt. Dette er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget ved vurdering av nye fritidsbustadområde.</p> <p>Konklusjon: Tas til orientering.</p>

Nr	JP/ending nr	Innspel	Kommunedirektøren sin vurdering
	83	Statsforvaltaren saknar at endringa av arealformål for Reiårsfossen camping blir gjort greie for og vurdert i konsekvensutgreiinga, særleg med omsyn til at byggeformål på areal i vassdraget. Statsforvaltaren tar atterhald om mogleg motsegn til området ved utarbeiding av detaljregulering.	<p>Avgrensinga av arealformålet er i tråd med planavgrensinga for planID 201107. Det er fornuftig å dele opp arealet og avgrense nytt byggeformål til areal på land og la areal i vassdraget ha formål 'bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone'.</p> <p>Konklusjon: Arealplankartet blir endra slik at kombinert bygge- og anleggsformål blir avgrensa til areal på land. Areal i vassdraget får formål bruk og vern i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.</p>
20		Administrasjonen	
		Pkt. 4.1.3 b) spesifiserer kotehøgder innanfor omsynssone H320_1. Dette kan skape forvirring rundt kva som gjeld. For å forenkle informasjon om sikker byggehøgde, så held det at det er gitt i tabell i pkt. 2.9.3.	<p>Konklusjon: I pkt. 4.1.3 b) blir to setningar gjeldande kotehøgde og sikkerheitsmargin fjerna (sjå tekst med overstreking og raud skrift).</p>